

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
036/14	Formannskapet	PS	05.03.2014
028/14	Kommunestyret	PS	19.03.2014

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Rolf-Henning Myrmel	FA - M37, HistSak - 14/11	14/317

Etablering av pumpestasjon i Åråsvågen

Framlegg til vedtak:

Austrheim kommune inngår samarbeid med Kystlandsbyen AS om pumpestasjon i Åråsvågen etter følgende kostnadsdeling.

Nr	Tiltak	Kostnad eks. mva.	60 % kommunalt	40% Kystlandsbyen
	Avtale om grunn	160 000	96 000	64 000
	Veg	76 500	45 900	30 600
	Utsprenging av grunn til kloakkstasjonen.	175 500	105 300	70 200
4.	Bygging av kloakkstasjonhuset	97 020	58 212	38 808
5.	Administrasjon, prosjektering m.m	180 000	108 000	72 000
		689 020	413 412	275 608

Avtalane under punkt 1 og 2 skal tinglysast.

B. I tillegg vert fylgjande tiltak fordelt slik. Rådmannen får mynde til å innhenta anbod på desse

Nr	Tiltak	Kostnad eks. mva.	60 % kommunalt	40% Kystlandsbyen
----	--------	-------------------	----------------	----------------------

6.	Utstyr til	480.000	288.000	192.000
	pumpestasjonen			
7.	El-kablar og vassleiding	Ikkje klarlagt	60%	40%

C. På fylgjande punkt ber Kystlandsbyen sine kostnader og kommunen sine kostnader i tråd med saksframstillinga.

9	Utgifter til	Ikkje klarlagt
	flytting/utskifting	av
	leidingar	

1. Rådmannen får mynde til å inngå avtalar med Kystlandsbyen AS og avklara kva som må ut på anbod etter regelverket om offentlege anbod.

Formannskapet - 036/14

FS - behandling:

Framlegg frå ordføraren:

1. Austrheim kommune står som utbygger for heile prosjektet etablering av pumpestasjon i Åråsvågen som vert lagt ut på anbod etter regelverket om offentlig innkjøp.
1. Austrheim kommune inngår samarbeid med Kystlandsbyen AS om pumpestasjon i Åråsvågen etter fylgjande kostnadsdeling:

A AAA.	Nr	Tiltak	Kostnad eks. mva.	60 % kommunalt	40% Kystlandsbyen
	1.	Avtale om grunn	160 000	96 000	64 000
	2.	Veg	76 500	45 900	30 600
	3.	Utsprenging av grunn til kloakkstasjonen.	175 500	105 300	70 200
	4	Bygging av kloakkstasjonshuset	97 020	58 212	38 808
	5	Administrasjon, prosjektering m.m	180 000	108 000	72 000
			689 020	413 412	275 608

Avtalane under punkt 1 og 2 skal tinglysast.				
B I tillegg vert fylgjande tiltak fordelt slik. Rådmannen får mynde til å innhenta anbod på desse				
Nr	Tiltak	Kostnad eks. mva.	60 % kommunalt	40% Kystlandsbyen
6	Utstyr til pumpestasjonen	480.000	288.000	192.000
7	El-kablar og vassleidning	Ikkje klarlagt	60%	40%
C. Påfylgjande punkt er Kystlandsbyen sine kostnader og kommunen sine kostnader i tråd med saksframstillinga.				
Nr	Tiltak	Kostnad eks. mva.	60 % kommunalt	40% Kystlandsbyen
8	Utgifter til flytting/utskifting av leidningar	Ikkje klarlagt		
9	Utsprenging av kanal	515.220		

3. Rådmannen får mynde til å inngå avtalar med Kystlandsbyen AS om utbygginga og kostnadsfordeling.

Framlegget frå ordføraren vart samrøystes tilrådd.

FS - vedtak:

1. Austrheim kommune står som utbygger for heile prosjektet etablering av pumpestasjon i Årsvågen som vert lagt ut på anbod etter regelverket om offentleg innkjøp.
1. Austrheim kommune inngår samarbeid med Kystlandsbyen AS om pumpestasjon i Årsvågen etter fylgjande kostnadsdeling:

A AAA.				
Nr	Tiltak	Kostnad eks. mva.	60 % kommunalt	40% Kystlandsbyen
1.	Avtale om grunn	160 000	96 000	64 000
2.	Veg	76 500	45 900	30 600
3.	Utsprenging av grunn til kloakkstasjonen.	175 500	105 300	70 200
4	Bygging av kloakkstasjonshuset	97 020	58 212	38 808
5	Administrasjon, prosjektering m.m	180 000	108 000	72 000

		689 020	413 412	275 608
Avtalane under punkt 1 og 2 skal tinglysast.				
B I tillegg vert fylgjande tiltak fordelt slik. Rådmannen får mynde til å innhenta anbod				
pådesse				
Nr	Tiltak	Kostnad eks. mva.	60 % kommunalt	40% Kystlandsbyen
6	Utstyr til pumpestasjonen	480.000	288.000	192.000
7	El-kablar og vassleidning	Ikkje klarlagt	60%	40%
C. Påfylgjande punkt er Kystlandsbyen sine kostnader og kommunen sine kostnader i tråd med saksframstillinga.				
Nr	Tiltak	Kostnad eks. mva.	60 % kommunalt	40% Kystlandsbyen
8	Utgifter til flytting/utskifting av leidningar	Ikkje klarlagt		
9	Utsprenging av kanal	515.220		

3.Rådmannen får mynde til å inngå avtalar med Kystlandsbyen AS om utbygginga og kostnadsfordeling.

Kommunestyret - 028/14

KS - behandling:

FS - vedtak Sak 036/14:

1.Austrheim kommune står som utbygger for heile prosjektet etablering av pumpestasjon i Åråsvågen som vert lagt ut på anbod etter regelverket om offentleg innkjøp.				
2.Austrheim kommune inngår samarbeid med Kystlandsbyen AS om pumpestasjon i Åråsvågen etter fylgjande kostnadsdeling:				
A.				
Nr	Tiltak	Kostnad eks. mva.	60 % kommunalt	40% Kystlandsbyen
1.	Avtale om grunn	160 000	96 000	64 000
2.	Veg	76 500	45 900	30 600

3.	Utsprenging av grunn til kloakkstasjonen.	175 500	105 300	70 200
4	Bygging av kloakkstasjonshuset	97 020	58 212	38 808
5	Administrasjon, prosjektering m.m	180 000	108 000	72 000
		689 020	413 412	275 608

Avtalane under punkt 1 og 2 skal tinglysast.

B I tillegg vert fylgjande tiltak fordelt slik. Rådmannen får mynde til å innhenta anbod

pådesse

Nr	Tiltak	Kostnad eks. mva.	60 % kommunalt	40% Kystlandsbyen
6	Utstyr til pumpestasjonen	480.000	288.000	192.000
7	El-kablar og vassleidning	Ikkje klarlagt	60%	40%

C. Påfylgjande punkt er Kystlandsbyen sine kostnader og kommunen sine kostnader i tråd med saksframstillinga.

Nr	Tiltak	Kostnad eks. mva.	60 % kommunalt	40% Kystlandsbyen
8	Utgifter til flytting/utskifting av leidningar	Ikkje klarlagt		
9	Utsprenging av kanal	515.200		

3.Rådmannen får mynde til å inngå avtalar med Kystlandsbyen AS om utbygginga og kostnadsfordeling.

Framlegg frå H v/ Ernst Stellberg:

VEDtak i K-sak 28/14 vert utsett til neste ordinære kommunestyremøte.

Framlegget frå H v/ Ernst Stellberg fekk 8 røyster (H, Frp og V) og fall.

Fellesframlegg:

1.Austrheim kommune står som utbyggjar for prosjektet med unntak av oparbeiding av kanal. Her er kystlandsbyen AS utbyggjar og ein nyttar seg av tilbodet som alt er henta inn. Austrheim kommune skal stå for byggjeleiinga av kanalprosjektet. Kostnadsdelinga vert også her 60 % på Austrheim kommune og 40 % på Kystlandsbyen AS. Kanalprosjektet skal gjerast opp i tråd med avtalen straks det er gjennomført og det skal ikkje nyttast mellomrekningar mot andre delar av totalprosjektet.

2.Austrheim kommune inngår samarbeid med Kystlandsbyen AS om etablering av ny pumpestasjon med tilhøyrande installasjonar i Åråsvågen i tråd med tabell vist i saka.

Prosjektet vert lagt ut på anbod etter regelverket om offentlig innkjøp og kostnadsdelinga vert som vist i vedlagte tabell:

A.				
Nr	Tiltak	Kostnad eks. mva.	60 % kommunalt	40% Kystlandsbyen
1	Avtale om grunn	160 000	96 000	64 000
2	Veg	76 500	45 900	30 600
3	Utsprenging av grunn til kloakkstasjonen.	175 500	105 300	70 200
4	Bygging av kloakkstasjonshuset	97 020	58 212	38 808
5	Administrasjon, prosjektering m.m	180 000	108 000	72 000
		689 020	413 412	275 608
Avtalane under punkt 1 og 2 skal tinglysast.				
B I tillegg vert fylgjande tiltak fordelt slik. Rådmannen får mynde til å innhenta anbod pådesse				
Nr	Tiltak	Kostnad eks. mva.	60 % kommunalt	40% Kystlandsbyen
6	Utstyr til pumpestasjonen	480.000	288.000	192.000
7	El-kablar og vassleidning	Ikkje klarlagt	60%	40%
C. Påfylgjande punkt er Kystlandsbyen sine kostnader og kommunen sine kostnader i tråd med saksframstillinga.				
Nr	Tiltak	Kostnad eks. mva.	60 % kommunalt	40% Kystlandsbyen
8	Utgifter til flytting/utskifting av leidningar	Ikkje klarlagt		
9	Utsprenging av kanal	515.200		

3.Rådmannen får mynde til å inngå avtalar med Kystlandsbyen AS om utbygginga og kostnadsfordeling.

Fellesframlegget vart samrøystes vedteke.

KS - vedtak:

1.Austrheim kommune står som utbyggjar for prosjektet med unntak av oparbeiding av kanal. Her er kystlandsbyen AS utbyggjar og ein nyttar seg av tilbodet som alt er henta inn. Austrheim

kommune skal stå for byggjeleinga av kanalprosjektet. Kostnadsdelinga vert også her 60 % på Austrheim kommune og 40 % på Kystlandsbyen AS. Kanalprosjektet skal gjerast opp i tråd med avtalen straks det er gjennomført og det skal ikkje nyttast mellomrekningar mot andre delar av totalprosjektet.

2.Austrheim kommune inngår samarbeid med Kystlandsbyen AS om etablering av ny pumpestasjon med tilhøyrande installasjonar i Åråsvågen i tråd med tabell vist i saka. Prosjektet vert lagt ut på anbod etter regelverket om offentleg innkjøp og kostnadsdelinga vert som vist i vedlagte tabell:

A.				
Nr	Tiltak	Kostnad eks. mva.	60 % kommunalt	40% Kystlandsbyen
1	Avtale om grunn	160 000	96 000	64 000
2	Veg	76 500	45 900	30 600
3	Utsprenging av grunn til kloakkstasjonen.	175 500	105 300	70 200
4	Bygging av kloakkstasjonshuset	97 020	58 212	38 808
5	Administrasjon, prosjektering m.m	180 000	108 000	72 000
		689 020	413 412	275 608
Avtalane under punkt 1 og 2 skal tinglysast.				
B I tillegg vert fylgjande tiltak fordelt slik. Rådmannen får mynde til å innhenta anbod pådesse				
Nr	Tiltak	Kostnad eks. mva.	60 % kommunalt	40% Kystlandsbyen
6	Utstyr til pumpestasjonen	480.000	288.000	192.000
7	El-kablar og vassleidning	Ikkje klarlagt	60%	40%
C. Påfylgjande punkt er Kystlandsbyen sine kostnader og kommunen sine kostnader i tråd med saksframstillinga.				
Nr	Tiltak	Kostnad eks. mva.	60 % kommunalt	40% Kystlandsbyen
8	Utgifter til flytting/utskifting av leidningar	Ikkje klarlagt		
9	Utsprenging av kanal	515.200		

3.Rådmannen får mynde til å inngå avtalar med Kystlandsbyen AS om utbygginga og kostnadsfordeling.

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Kystlandsbyen v/Bjørn-Rune Markhus har søkt kommunen om eit samarbeid om pumpestasjon i Åråsvågen. Det vert søkt om kommunal medverknad på deler av prosjektet.

Rådmannen viser til at det vart orientert om denne løysinga då sak om anleggsbidrag til

Kystlandsbyen vart handsama i kommunestyret i juni 2013.

I utbyggingskrava for Kystlandebyen ligg det eit krav om å bygga ein kloakkpumpestasjon inst i vågen for å betena utslepp frå feltet. På dei første planane låg stasjonen der det er tenkt å byggja ut torget. I staden for å byggja pumpestasjonen, sette BE inn ein ventil på leidningen nede i vågen. Derifrå går det kloakkleidning i vågen, inn til kommunen sin pumpestasjon inst

i Åråsvågen. Kommunen har heile tida stått på krav om å byggja ein pumpestasjon for feltet.

Situasjonen er no, slik kommunestyret har fått orientering om, at den kommunale stasjonen i

Åråsvågen er utrangert og bør skiftast ut. Sidan Kystlandsbyen sin reguleringsplan vart vedteken, har situasjonen for kloakken endra seg. Kommunen nyttar no leidningen som går gjennom bustadfeltet for både Kystbarnehagen og for mesteparten av kloakk frå senterområdet.

Kommunen ved teknisk drift og Kystlandsbyen har hatt møte for å diskutera om det kan leggjast opp til ei felles løysing.

Då kommunestyret hadde oppe sak om anleggsbidrag til Kystlandsbyen, vart kommunestyret informert om at det kunne koma ein søknad om dette samarbeidsprosjektet.

I søknaden vert fylgjande gjort greie for:

1. Det vert bygd ein kloakkpumpestasjon på staden det i dag står eit naust. Dagen naust vert rive og det vert sett opp eit dobbeltnaust. Stasjonen vert eit tilbygg til det eine naustet..
2. Det vert laga veg ut til området. Veggen går over ein annan nabo si tomt.
3. Det vert ført vatn og el-kablar i vegen fram til pumpehuset.
4. Det vert sett opp ei ny kloakpumpe i pumpehuset

Det vert sprengt ein kanal for å føra kloakkleidningen ut til pumpehuset.

6 I tillegg kjem utgifter til administrasjon, prosjektering, planlegging og

prosjektkontroll.

Kort om dei ulike punkta over:

Det vert bygd ein kloakkpumpestasjon på staden det i dag står eit naust.

Slik stasjonen var innteikna i reguleringsplanen, ville stasjonen liggja på det som vert det framtidige arealet for torget. Dette er ikkje ynksjeleg fordi eit slikt anlegg ikkje er luktfri.

Saman med utbyggjar har ein diskutert ulike lokaliseringar. Slik han no er planlagt plassert, vil han vera trekt bort frå område med hus og offentlege anlegg og ligg ikkje i LNF-område.

Pumpehuset vert eit tilbygg til det eine naustet og står heilt i stil med det bygget. Byggestil på naust og pompehus liknar på stilen til bustadene i Kystlandsbyen. Det har vore sett på om stasjonen kan byggast i LNF-området. Dette vil mellom anna føra til ei ca 4. meter høg skjering. Det er og avhengig av at ein får byggja veg inn i LNF-området. Den løysinga er ikkje tilrådd.

Det vert laga veg ut til området, denne vil gi tilkomst til LNA-området og til dei tre grunneigarane som har naustetomter i området. Det vert laga veg fram til området bak pompehuset. Vegen går over ein annan eigar sitt område. Denne grunneigaren vil med denne vegen få vegutløysing til sitt område. Vegen vert ein offentlig veg og vert ein del av det planlagte stiprosjektet utover langs friområdet i vågen.

Det vert ført vatn og el-kablar i vegen fram til pompehuset. Pumpehuset må ha innlagt straum og vatn.

Det vert sett opp ei ny kloakkpumpe i pompehuset. Kystlandsbyen har i sine konsesjonskrav at dei skal byggja ein pompestasjon. Denne kunne vore bygd mindre dersom han berre skulle betena Kystlandsbyen. Kommunen sin stasjon inst i vågen er utrangert og bør skiftast ut. Ved å slå saman prosjekta, må det setjast inn ein større og dyrare stasjon, men billigare enn to mindre.

Det vert sprengd ein kanal for å føra kloakkleidningen ut til området med pompestasjonen.

Denne løysinga har utbyggjar og administrasjonen sett på tidlegare då kommunen førte kloakken ned i området. Kanalen med gangareal på sida, er ein del av det offentlege anlegget rundt vika ned i Åråsvågen.

I tillegg kjem utgifter til administrasjon, prosjektering, planlegging og prosjektkontroll.

Utbyggjar bygger ut anlegget og søker om anleggsbidrag frå kommunen. Dette er etter same modell som er nytta i Breidvik Eigedom/Kystlandsbyen tidlegare, byggefeltet i Øksnes, byggefelt i Kvalvågen og Fønnesstraumen. I dette siste tilfellet bygde utbyggjar og kommunen kvar sine delar av anlegget. Prinsippet som er lagt til grunn i desse sakene er at indre anlegg som berre vedkjem tomtene innad i feltet, ikkje kan søkjast anleggsbidrag for. For anlegg som er ein del av det ytre anlegg kan ein søkja om slikt anleggsbidrag.

Slik kommunen no nyttar dette anlegget, som ein del av hovudinfrastrukturen i området, må det

kunne seiast å vera ein del av det ytre anlegg.

Avtale om grunn

Kystlandsbyen har gjort avtale med dei som eig naustetomtene at dei får ein rabatt kvar på 80 000 for bygging av kvart sitt naust på tomta. Prisen på oppføring av nausta er sett til 400 098,75 før fråtrekk av eventuell rabatt.

Kostnad 160 000

Veg fram til området.

Vegen vil gå i område som er eigd av Kystlandsbyen og ein annan grunneigar. Vegen vert ein offentleg veg og fører utover til friområdet vidare ut i vågen. I tillegg til at grunneigaren får veg fram til sitt område.

Kostnad 76 500

Klargjering av tomt til pumpestasjonen.

Kostnad 175 500

Bygging av bygget til kloakkstasjonen

Kostnad 418 200

Utsprenging av kanal

Kostnad 180 000

Administrasjon/prosjektering m.m

Kostnad 480 000

Pumpe og utstyr til stasjonen.

Kostnad ikkje klarlagt

Utgifter til flytting og/eller utskifting av kloakkleidningar.

Dette har ein ikkje oversikt på i dag. Tilstanden på dei ulike leidningane vil avgjera dette.

Beløpa er oppgitt eks. mva.

I søknaden vert det søkt om at kommunen tar all kostnad med punkt 1, 2,3 og 4.

Det vert i søknaden lagt opp til at det vert gitt anleggsbidrag med 60 % på punkt 5,6 og 8.

Søknaden legg opp til at kommunen betalar kostnaden på punkt 7.

I sak 026/14 blei det gjort vedtak om at ei fullstendig oversyn over kostnadsdeling og alternative løysingar ved utviding av anlegga i Åråsvågen skulle framskaffas. Kostnader med etablering av pumpestasjon på Leikvoll skulle og medtakast.

Stasjon på Leikvoll:

Komplett stasjon kr 580.000,- (Høgtrykkstasjon pga løftehøgde)

Utgraving/sprenging kr 175.000,-

Montering El/Va Kr 50 000,-

Totalt ca kr 800 000,- eks mva. Prosjektet må ut på anbud for eksakte priser.

Stasjon Åråsvågen.

Komplett stasjon kr 560.000,-

Utgraving /sprenging kr 175.000,-

Omlegging rør/kummer kr 100.000,-

Montering El/Va kr 50.000,-

Totalt ca kr 885.000,- eks. mva. Prosjektet må ut på anbud for eksakte priser.

Frittstående stasjon i Breidvik vil koste kr 560.000,- + meirkostnad ved sprenging/plassering langs kanalen.

Skal kommunen ikkje delta i pumpestasjonen i Breidvik må ein bygge ny hovudleidning frå barnehagen til eksisterande pumpestasjon inne i Åråsvågen. Dette er ikkje kostnadsrekna.

Vurdering

Miljø

Tiltaket er eit godt miljøtiltak både for Åråsvågen og Solen – Åråsområdet dersom stasjonen på Leikvoll vert bygd. Rådmannen tar ikkje med bygging av denne med i saka.

Økonomi

Stasjonen på Leikvoll vert noko dyrare på grunn av stor høgdeskilnad for pumping. Dersom denne stasjonen vert bygd, er det potensiale for mellom 30 til 50 tilknytingar.

Dersom kommunen byggjer eigen pumpestasjon inne i Åråsvågen, må ein likevel vera med på delar av kostnadene i Kystlandsbyen for å pumpa kloakken vidare inn til Åråsvågen. Det vert og utgifter med omlegging av leidning frå Kystbarnehagen til stasjonen inst i Åråsvågen fordi kloakken ikkje skal

innom Kystlandsbyen sin pumpestasjon. Rådmannen ser dette som ein lite ynskjeleg, dyrare og komplisert løysing.

Med bakgrunn i dei stipulerte tala, ser rådmannen det som den beste løysinga at Austrheim kommune og Kystlandsbyen byggjer eit felles anlegg slik det er sett opp i denne saksframstillinga.

Midlande vert tatt frå ledige midlar på VA-budsjettet for 2013.

Konklusjon

Rådmannen meiner at heile prosjektet bør handsamast som eit fellesanlegg med ei deling av utgiftene med 60% kommunen og 40% Kystlandsbyen.

Når det gjeld kostnadsdeling av flytting/utskifting av leidningar, bør Kystlandsbyen bera

utgiftene med flytting av leidning frå dagens leidning i feltet til pumpestasjonen. Kommunen tar utgiftene med flytting av leidning frå inste vågen til pumpehuset og frå pumpehuset til tilkopling til leidningen ut i ytste vågen.

Rådmannen tilrår å inngå eit samarbeid med Kystlandsbyen AS om pumpestasjon i Åråsvågen etter den malen som er lagt fram i saksframstillinga. All den tid ikkje alle kostnadene er klarlagde, ber rådmannen kommunestyret ta prinsipielt standpunkt til ei fordeling på kostnad og gi rådmannen mynde til å innhenta anbod og setja i gang arbeidet med dei tiltaka som er klarlagde kostnader på slik:

Nr	Tiltak	Kostnad eks. mva.	60 % kommunalt	40% Kystlandsbyen
1.	Avtale om grunn	160 000	96 000	64 000
2.	Veg	76 500	45 900	30 600
3.	Utsprenging av grunn til kloakkstasjonen.	175 500	105 300	70 200
5	Bygging av kloakkstasjonshuset	97 020	58 212	38 808
8	Administrasjon, prosjektering m.m	180 000	108 000	72 000
		689 020	413 412	275 608

Avtalane under punkt 1 og 2 skal tinglysast.

I tillegg vert fylgjande tiltak fordelt slik. Rådmannen får mynde til å innhenta anbod på desse

Tiltak	Kostnad eks. mva.	60 % kommunalt	40% Kystlandsbyen
Utstyr til pumpestasjonen	480.000	288.000	192.000
El-kablar og vassleidning	Ikkje klarlagt	60%	40%

På fylgjande punkt ber Kystlandsbyen sine kostnader og kommunen sine kostnader i tråd med saksframstillinga.

Utgifter til	Ikkje klarlagt
flytting/utskifting leidningar	av